



Elevar på 10. årssteg i Aukraskolen

Vår ref.:
2018/1086-13/B65

Dykkar ref.:

Saksbehandlar:
Marianne Bolghaug

Dato:
13.05.2019

Retningslinjer for munnleg eksamen i grunnskolen - Instruks for elev

Det er snart tid for munnleg eksamen (lokalt gitt eksamen).

Kunnskapsnett Romsdal (Aukra, Eide, Fræna, Midsund, Molde, Nesset, Rauma og Vestnes), har utarbeidd felles retningsliner for munnleg eksamen i grunnskulen:

Prøvemodell

Du skal få beskjed om kva for fag du kjem opp i, 48 timer før eksamen. Meldinga bør komme så nær 48 timer før eksamenen startar, men ikkje mindre enn 48 timer før første elev skal prøvast.

Munnleg eksamen skal gjennomførast med obligatorisk førebuingsdel, og førebuingsdelen startar 24 timer før eksamen startar.

Gangen i munnleg eksamen:

Dag 1: Du får melding om trekkfag (48 timer før eksamen)

Dag 2: Førebuing

- Du trekker tema/problemstilling.
- Du har frammøteplikt og har rett til rettleiing i førebuingsdelen frå ein lærar. Førebuingsdagen skal hjelpe deg til å sjå samanhengen mellom tema/problemstilling og læreplan.
- Du må gi beskjed om kva utstyr dei treng på eksamen (NB! Om det oppstår teknisk svikt ved utstyret, må elevane likevel kunne legge fram arbeidet sitt).

Dag 3: Munnleg eksamen

- Du må møte seinast 30 minutt før eksaminasjonen startar.
- Faglærar har ansvaret for at det avtalte tekniske utstyret er på plass i eksamensrommet.

I førebuingstida har du tilgang til alle relevante hjelpemiddel, blant anna IKT.

Du har høve til å skrive stikkord/notat i førebuingstida.

Fagrappoen er grunnlaget for prøva, og du blir prøvd i det lærerstoffet som er teke med i rapporten. Det er ikkje krav til korleis produktet skal sjå ut.

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Bank
Nyjordvegen 12 6480 Aukra	Nyjordvegen 12 Org.nr. 964 981 337 www.aukra.kommune.no	71 17 15 00 Telefaks 71 17 15 01	9650.26.60192 Bankto. skatt 6345 06 15473
E-post: post@aukra.kommune.no			

For kommunar som praktiserer par-eksamen gjeld:

Du kan jobbe åleine eller i par. Om du skal vere i par må de ha same faglærar, og para er faste. Du kan velje om du vil vere åleine eller i par frå fag til fag. Det kan gjerast unntak frå regelen om faste par i språkleg fordjuping/framandspråk.

Eksamensregler

Eksamensreglene gjelder også for eksamen i par.

Eksamensregler for eksamen i par:

- 1) *Presentasjon av tema/problemstilling* i inntil 10 minutt (20 minutt for par) - utan å bli avbroten - til å presentere resultatet av arbeidet i førebuingstida.

Presentasjonen skal ikkje lesast opp frå eit ferdigskrive manus, men framførast munnleg med utgangspunkt i ein kort disposisjon eller ei momentliste. Disposisjonen/momentlista kan leggjast fram for sensor. Om du ønskjer det, kan du til dømes bruke tavle, lysark, IKT, bilete eller gjenstandar for å illustrere innhaldet/stoffet.

- 2) *Eksamining* i faget med utgangspunkt i presentasjonen.

Du vil kunne å få spørsmål som går utover presentasjonen slik at du får høve til å vise kompetansen din i ein så stor del av faget som mogleg.

Karakter

Forberedelsedelen inngår ikkje i det som skal vurderast. Hjelpebidra du vel å nytte deg av i eksamenslokalet, skal ikkje vurderast. Men – den faglege kompetansen du viser gjennom måten temaet/problemstillinga presenterast på, er også ein del av vurderingsgrunnlaget av din samla kompetanse. Det er denne kompetansen, og kompetansen du viser under sjølv eksaminasjonen, som skal vurderast. Sensor og faglærar blir einige om kva karakter du skal ha med bakgrunn i dette.

Vurderinga er individuell, så om du er i par med ein annan elev kan de få ulike karakterar.

Det er den enkelte elev sin kompetanse som vert vurdert, og karakteren blir fastsett etter ei heilsakspurdering av samtalen/diskusjonen.

Du kan bli bedt om å komme inn igjen for å få tilleggsspørsmål.

Du får vite karakteren når du har avgjort eksamen og etter at ekstern sensor og faglærar har drøfta karaktersettinga.

Karakteren skal settast etter kvar elev og ikkje etter ei gruppe med elevar. Grunnlag for karakter skal vere målrelatert i høve til di måloppnåing i faget. Vurderinga skal ikkje vere grupperelatert. Det er ekstern sensor som gjer kjent og grunngir karakteren for deg.

Du skal få vurderinga di etter kvar eksamen. Dette for å hindre samanlikning, og for å syte for at kvar presentasjon blir vurdert for seg sjølv. Faglærar skal spørje om du er ferdig før eksamen avsluttast.

Klage

Ved munnleg eksamen kan det berre klagast på formelle feil som kan ha noko å seie for resultatet.

Ein formell feil er at eksamensinstruksjonen ikkje blir følgjt, eller at det skjer noko uventa som får betydning for din prestasjon.

Til orientering og lukke til med eksamen!

Med vennleg helsing

Marianne Bolghaug
Pedagogisk rådgjevar

Kopi til:

Hanna Valved Korsvik
(rektor Julsundet skole)
Heidi Katrine Falkhytten
(rektor Gossen barne- og
ungdomsskole)